

Sak 26-23

Fritidsrenovasjon- søknad om fritak. Solveig og Roy Thomassen, Vartdal

### Tilråding til vedtak:

1. Med visning til gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 3 og 11 vert det ikkje gitt fritak for renovasjonsgebyr for eigedomen Høgebakken 410. Søknad frå Solveig og Roy Thomassen om fritak vert avslått.
2. Styret ber administrasjonen framlegge ei sak om mål, tenestenivå og praktiske løysingar for fritidsrenovasjon i VØR sitt område. Saka skal leggast fram på første styremøte i 2024.

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Solveig og Roy Thomassen eig hytte med adresse Høgebakken 410 på Nordre Vartdal. Hytta er etter gjeldande gebyrforskrift underlagt gebyrplikt i kategorien Fritidshus kategori 3 (fritidshus utan heilårsveg, straum og innlagt vatn), der gebyrsatsen er 10% av eit standard årsgebyr, for tida kr 403,-/ år inkl mva. Det har ved fleire høve i forkant av søknaden vore munnleg kontakt med Thomassen vedkomande tenestenivået, der dei ynskjer at det vert plassert ut renovasjonspunkt for fritidshus også på Nordre Vartdal. Thomassen har sendt søknaden om gebyrfritak til Ørsta kommune v/ Ordførar, og den er seinare vidareformidla til VØR, som rette instans.

Thomassen søkjer om fritak på grunnlag av manglande tilrettelegging i form av renovasjonspunkt. I samråd med Thomassen og med ordførar Stein Aam i Ørsta, vert denne søknaden lagt fram for styret i VØR, slik at det kan verte gjennomført ei prinsipiell vurdering av tenestenivået knytt til fritidsrenovasjon.

#### Status for regelverket og fritidsrenovasjonen til VØR

Fritidsbustadar er i det nasjonale regelverket underlagt tvungen renovasjon, på lik linje med bustadhus. Det er ikkje fritaksgrunn om ein t.d. er busett og har hushaldsrenovasjon i same kommune. Dei einaste fritaksheimlane som er gitt i den lokale renovasjonsforskrifta §3b er «hus, hytter, sel mindre eller lik 20 m<sup>2</sup> BRA», samt at «huseigar kan søkje VØR om varig fritak for hus som stå til nedfalls».

Det er opp til kvar enkelt kommune korleis ein organiserer fritidsrenovasjonen. I gebyrforskrifta §3b er det slått fast at «Abonnentar til kategori 1–4 leverar sitt avfall til felles oppsamlingspunkt for fritidshusrenovasjon». Vidare i §7b:

*«VØR plasserer ut felles avfallscontainerar og syter for naudsynt reinhald, inklusiv av hentestad og oppstillingsplass. Fritidsbustad med eigne avfallsbeholdarar vert å regulere etter § 7 a. Avfallsbeholdarar som er utplasserte og merka med fritidsbustad, skal berre nyttast av brukarar av fritidshusvære.»*

Frå årsskiftet 2023 kom det i det nasjonale lovverket eit nytt krav om at det skal vere løysingar for kjeldesortering også for fritidsrenovasjon.

Det er også viktig å merke seg at det iflg retningslinjer frå Miljødirektoratet ikkje er heimel for at bustadsabonnentane kan subsidiere gebyra for fritidsrenovasjon: *«Det er en lovpålagt oppgave for kommunene å samle inn avfall fra fritidseiendommer på lik linje med annet husholdningsavfall jf. forurensingsloven § 30 første ledd. Det innebærer at fritidsboliger også er gebyrpliktige. Gebyret skal dekke kommunenes kostnader forbundet med håndtering av dette husholdningsavfallet og således ikke gjenspeile den faktiske bruk den enkelte hytteeier benytter seg av tilbudet. Det vil være anledning til å fastsette et redusert gebyr, dersom det er forbundet med lavere årlige kostnader å samle inn avfall fra disse hyttene. Det er ikke anledning til å fastsette lavere avfallsgebyr for hytteeiere som har fast bosted i kommunen, enn for hytteeiere som har fast bosted i andre kommuner. Det vil normalt være utelukket å fastsette et høyere gebyr for fritidseiendommer, for på den måten å la hytteeierne i kommunen subsidiere avfallsgebyret til de med permanent bosted i kommunen.»*

VØR har per i dag kring 25 ulike oppsamlingspunkt for fritidsrenovasjon. I hovudsak er det ein 10m<sup>3</sup> stålkontainer for restavfall som er supplert med ein iglo eller 660 liters dunk for glas- og metallemballasje. Denne kontaineren må VØR no fase ut til fordel for andre løysingar som ivaretek kravet til kjeldesortering. Ureining rundt punkta har i nokon grad vore ei utfordring, særleg ved punktet på Sørheim. Den kontaineren vart flytta i sommar, slik at problemet der er vesentleg redusert. Årsaka til ureining heng ofte saman med misbruk, og vi ser at det har eit visst omfang på ein del plassar. Kontainerane er ikkje låste, og såleis har i utgangspunktet alle fysisk tilgjenge. Ei anna utfordring er at desse restavfallskontainerane har svært ymse innhald, også farleg avfall. Med tanke på VØR sitt mål om 65% materialgjenvinning i 2030, er dette heilt klart eit av dei avfallsvoluma det er viktig å ta tak i.

Då dialogen med Thomassen starta, var der ikkje noko punkt for fritidsrenovasjon mellom Rjånes og Festøya. Dette er no betra ved at det i sommar vart plassert ein kontainer for restavfall og ein behaldar for glas/metall ved butikken på Vartdal. Thomassen har like fullt vore tydeleg på at dei ynskjer slikt punkt nærare, dersom denne tenesta skal vere verd å betale for.

#### *Alternative løysingar for fritidsrenovasjon*

Det har ikkje vore noko tydeleg strategival rundt val av løysing for fritidsrenovasjon i VØR. På Melsgjerdet vart det i 2022 etablert eit omfattande nedgrave anlegg, og her er det også kortstyring, slik at berre dei som har fritidsabonnement, får levere. Planen var at dette anlegget skulle erstatte minst tre etablerte punkt med kontainer. Dette kom det imidlertid ein del reaksjonar på frå brukarane, då dei meinte avstanden vart for stor og tenesta såleis for dårleg. To av punkta vart likevel avvikla. Ytterlegare fire anlegg av denne typen vart satt i

bestilling våren 2022, men den leveransen er utsett inntil vidare. Dei nedgravde anlegga er kostbare, og i tillegg er dei lite fleksible i høve til endringar i behov og plassering.

Fritidsrenovasjonen er den tenesta som VØR opplever mest kritiske spørsmål til. Omfanget er ikkje stort, men det er verd å merke seg signala.

Gebyrinntektene i 2024 frå fritidsrenovasjon er budsjettert til å vere 2,2 mill kr. Det vert ikkje ført noko sjølvkostrekneskap knytt til denne tenesta, slik at ein har ikkje eksakte tal på om denne inntekta dekkjer dei reelle kostnadane med materiell, tøming og handtering.

Materialkostnadane per nedgravd anlegg (som på Melsgjerdet) er på kring 330.000,-, og i tillegg kjem kostnader til byggemelding og graving / anlegg. Det er også viktig å sjå på driftskostnadane, som naturleg blir vesentleg høgare når det er 4-5 fraksjonar som skal tømast, og ikkje 1-2.

Val av løysingar har vore drøfta i styret ved nokre høve siste året. Administrasjonen meiner det vil vere nyttig å ta ein samla gjennomgang av denne tenesta og sjå på eit samla tal- og faktagrunnlag:

- kvar bur abonnentane, kvar er heilårshyttene og kor mykje vert levert på kvart punkt?
- kva vil det koste med kjeldesortering på alle dagens hentepunkt og korleis kan dette løysast praktisk?
- skal det vere ei maksgrense på kor langt abonnentane måtte køyre?
- korleis kan innsamlinga frå hyttepunktta organiserast mest mogleg rasjonelt og med minst mogleg køyring
- økonomiske konsekvensar for gebyra for fritidsrenovasjon ved ulike løysingar

Administrasjonen ynskjer å gjennomføre ei utgreiing på dette til første styremøte i 2024, slik at ein då kan fastsette ei klar strategi for denne tenesta. Det er like fullt intensjonen at ein i haust vil sette i bestilling nokre sett med fleksible kjeldesorteringsanlegg (ikkje nedgravde), sidan det alt er gjort avtale med utstyrsleverandør om kjøp av materiell.

Hans Peter Eidseflot

*Dagleg leiar*

Vedlegg:

- Søknad om fritak frå fritidsrenovasjon frå Solveig og Roy Thomassen.
- Førebels svar til Thomassen frå VØR.

N. Vardal den 30-5-2023.

Til

Ørsta kommune v/ordfører.

Søknad om fritak av renovasjonsavgifta på hytta vår, på Høgebakken, Nordre Vardal.

Sidan kommunen har pålagt oss ei avgift for søppel og ingen tilrettelegging er komen på plass, ber vi med dette om fritak for avgifta.

Vi har hatt kontakt med både ordfører og VØR med lovnad om praktisk tilrettelegging.

(for eks. låsbar søppeldunk ved Årskogbrua) utan noko har skjedd. Hytta vert brukt kun i sommar halvåret sidan vegen fram ikkje vert brøyt.

Vi håper at søkshuden vest  
imøte kometen .

Helsing

Solveig og Roy Thomassen,  
Nordre Vartdal.

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

Solveig og Roy Thomassen  
Steinholen 3

6170 VARTDAL

Hovdebygda, 12. juli 2023

### **Førebels orientering - Søknad om fritak for renovasjonsgebyr fritidsbustad – Høgebakken 410.**

Viser til dykkar brev av 30.05.23 til Ørsta kommune, som er vidaresendt og motteke av VØR den 08.06.23.

Vi vil med dette stadfeste at søknaden er motteken og er til handsaming. Til orientering vil søknaden bli lagt fram for Styret i VØR på førstkomande styremøte den 26. september 2023.

Saksførebuar for styret er dagleg leiar, Hans Peter Eidseflot.

De vil få tilsendt eit enkeltvedtak etter at søknaden er ferdig handsama.

Med venleg helsing



Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS